

FORSLAGSSTILLAR:
VIK BYGG OG TRELAST
AS


PLANOMTALE:

FRAMLEGG TIL DETALJREGULERING FOR:

E40 – Slagnes – Vanylven kommune

PlanID: 1511-202002

Dato: 09.02.2021



Illustrasjon – ikkje juridisk bindande

Innhold

1	SAMANDRAG.....	4
2	BAKGRUNN	4
2.1	Målet med planen	4
2.2	Forslagsstillar, plankonsulent, eigarforhold	4
2.3	Tidlegare korrespondanse og vedtak i saka	4
2.4	Utbyggingsavtalar	4
2.5	Krav om konsekvensutgreiing	4
3	PLANPROSESSEN	4
3.1	Medverknad, varsel om oppstart ev. planprogram	4
4	PLANSTATUS OG RAMMER	5
4.1	Overordna planar	5
4.2	Gjeldande reguleringsplan	6
4.3	Tilgrensande planar	6
4.4	Temaplanar	6
4.5	Statlege planretningslinjer/rammer/føringar	6
5	SKILDRING AV PLANOMRÅDET – EKSISTERANDE TILHØVE	7
5.1	Lokalisering	7
5.2	Dagens arealbruk og tilstøytane arealbruk	8
5.3	Staden sin karakter.....	9
5.4	Landskap	9
5.5	Kulturminne og kulturmiljø	9
5.6	Naturverdiar	10
5.7	Rekreasjonsverdi/-bruk, uteområde	10
5.8	Landbruk.....	10
5.9	Trafikkforhold	10
5.10	Barn sine interesser.....	11
5.11	Sosial infrastruktur	11
5.12	Universelt tilgjenge	11
5.13	Teknisk infrastruktur	11
5.14	Grunnforhold.....	12
5.15	Støyforhold	12
5.16	Luftforureining.....	13
5.17	Risiko og sårbarheit (eksisterande situasjon)	13
6	SKILDRING AV PLANFRAMLEGGET	14
6.1	Planlagt arealbruk/reguleringsformål.....	14
6.2	Gjennomgang av aktuelle reguleringsformål.....	14
6.3	Bebyggelsen si plassering og utforming.....	16

6.4	Bustadmiljø/bukvalitet	17
6.5	Parkering	17
6.6	Tilknytning til infrastruktur	17
6.7	Trafikkløysing	17
6.8	Planlagde offentlege anlegg	18
6.9	Miljøoppfølging	18
6.10	Universell utforming	18
6.11	Uteopphaldsareal	18
6.12	Landbruksfaglege vurderingar	18
6.13	Kulturminne	19
6.14	Plan for vatn og avlaup samt tilknytning til offentlig nett	19
6.15	Avbøtande tiltak/løysingar ROS	19
6.16	Rekkefølgjekrav	19
7	VERKNADER AV PLANFRAMLEGGET	20
7.1	Overordna planar	20
7.2	Landskap, omgjevnader og naboar	20
7.3	Staden sin karakter	20
7.4	Estetikk	20
7.5	Kulturminne og –miljø, ev. verneverdi	20
7.6	Tilhøvet til naturmangfaldslova	20
7.7	Rekreasjonsinteresser/rekreasjonsbruk/uteområde	20
7.8	Trafikkforhold	20
7.9	Barn sine interesser	21
7.10	Sosial infrastruktur	21
7.11	Universell tilgjengelegheit	21
7.12	Energibehov – energibruk	21
7.13	ROS	21
7.14	Teknisk infrastruktur	22
7.15	Økonomiske konsekvensar for kommunen	22
7.16	Konsekvensar for næringsinteresser	22
7.17	Interesse motsetnader/konflikttema	22
7.18	Avveging av verknader	22
8	KONSEKVENSTUTGREIING	22
9	INNKOMNE INNSPEL TIL VARSEL OM OPPSTART	23
9.1	Innspel (samandrag med kommentar)	23
9.1.1	Noregs vassdrags- og energidirektorat NVE (15.09.2020)	23
9.1.2	Statens Vegvesen SVV (16.09.2020)	23
9.1.3	Statsforvaltaren i Møre og Romsdal (17.09.2020)	23

9.1.4	Møre og Romsdal fylkeskommune (18.09.2020)	23
10	AVSLUTTANDE KOMMENTAR	24

Vedlegg:

1. 3039_Plankart
2. 3039_Reguleringsføresegner
3. 3039_Referat frå oppstartsmøte
4. 3039_Varslingsbrev
5. 3039_Varslingsannonse
6. 3039_Innspel/merknader til planoppstart
7. 3039_ROS-analyse
8. 3039_ROS- sjekkliste
9. 3039_Sjekkliste naturmangfald
10. 3039_Breiteig Fjordsenter «Geologisk vurdering gbnr. 42/2 på Slagnes i Vanylven kommune.»
11. 3039_Illustrasjonsplan, ikkje juridisk bindande.
12. 3039_Arkeologisk rapport Ytre Vik Gbnr. 42/2 Vanylven kommune

1 SAMANDRAG

Dette planframlegget er utarbeidd av Per Mulvik AS på oppdrag for Vik Bygg og Trelast AS v/Bjarne Vik. Ved oppstart fekk planen tildelt namnet «Detaljregulering for E40 – Slagnes – Vanylven kommune.» og nasjonal arealplanID: 1511-2020002.

Området E40 i Vanylven kommune sin arealdel opnar opp for reiselivsverksemd. Planfremjar ønskjer å legge til rette for sal av fritidsbustadar, både frittliggande og konsentrerte.

2 BAKGRUNN

2.1 Målet med planen

- Etablering av frittliggande fritidsbustadar innanfor delar av området E40 i Vanylven kommune sin arealdel.
- Etablering av konsentrerte fritidsbustadar mellom området E40 og sjøkanten.

2.2 Forslagsstillar, plankonsulent, eigarforhold

Forslagsstillar: Vik Bygg og Trelast AS, Slagnes, 6146 Åheim

Kontaktperson: Bjarne Vik – tlf.95282411 - post@vikbygg.no

Plankonsulent: Per Mulvik AS, Holmen 7, 6100 Volda

Kontaktperson: Andreas S. Eikrem - tlf.70074997 – andreas@mulvik.no

Jan Magnus Ose – tlf.70074994 – jan@mulvik.no

Eigarforhold: Gbnr. 42/2: Bjarne Vik.

2.3 Tidlegare korrespondanse og vedtak i saka

- 03.06.2020: Uformelt møte mellom Vanylven kommune, forslagsstillar og plankonsulent.
- 18.08.2020: Oppstartsmøte med Vanylven kommune.

2.4 Utbyggingsavtalar

Det er pr. dato ikkje inngått utbyggingsavtale med kommunen i dette prosjektet.

2.5 Krav om konsekvensutgreiing

Tiltaket er vurdert opp mot §10 i forskrifta om konsekvensutgreiing. Planområdet er avsett til reiselivsverksemd i overordna plan, tiltakshavar ønskjer å etablere fritidsbustadar for sal. Ein har nytta rettleiaren «Konsekvensutredninger for planer etter plan- og bygningsloven» (Februar 2020). 8.1.3 nr. 25: Nye bustad og fritidsbustadområder seier at denne føreseigna i vedlegg 1 omfattar områder på 15 daa eller meir. Området som ikkje er vedteke omdisponert i overordna plan er på om lag 5,2 der mykje vert regulert som landbruksformål grunna funn av automatisk kulturminne. Køyreveg SKV1 og fylling i sjø som utgjer parkering SPP er etablert tidlegare. Reguleringa vil formalisere den faktiske bruken av desse. På bakgrunn av dette konkluderer ein med at tiltaket ikkje har vesentlege verknadar for miljø og samfunn, og dermed ikkje løyser krav om konsekvensutgreiing.

3 PLANPROSESSEN

3.1 Medverknad, varsel om oppstart ev. planprogram

Formell saksgang etter reglane i plan- og bygningslova, sikrar at kravet om medverknad vert ivareteke gjennom lovfesta høyringar og offentleg ettersyn. Det er ikkje sett krav om planprogram.

Oppstartsmøte

Det vart halde oppstartsmøte med kommunen 18.08.2020 der ein drøfta dei ytre rammene for planarbeidet.

(jamfør vedlegg nr. 03).

Varsel om oppstart

Varsel om oppstart vart annonsert ved annonse i avisa Synste Møre og ved varslingsbrev datert 25.08.2020 med frist for innspel: 25.09.2020. Varslingsbrev og annonsetekst er vedlagt. Vedlegg nr. 4 og 5).

Innkomne innspel til varsel om oppstart

Innan varslingsfristen fekk vi inn fire (4) innspel som alle er vurdert, oppsummert og kommentert i planomtalen. Alle innspel er vedlagt. (vedlegg nr. 06.)

Vidare saksgang

Etter handsaming av planframlegget i kommunen, og vedtak om utlegging til offentlig ettersyn, vert framlegget sendt til råka partar for uttale – normalt med ein frist på 6 veker etter utsending. Grunneigarar, rettshavarar, interesseorganisasjonar, faginstansar og myndigheiter på kommunalt, regionalt og statleg nivå vil få tilsendt planframlegget for uttale, og alle dokument vil vere tilgjengelege på annonserte stadar.

Etter høyringsfristen vert planframlegget ev. justert i samsvar med innkomne merknadar før endeleg kommunal handsaming og vedtak i kommunestyret. Nedanfor er ei enkel oversikt over planprosess og planlagd framdrift.

Planfase	Medverknad	Tid
Oppstartmøte	konsulent/kommunen	18.08.2020
Varsel om oppstart av planarbeid, med annonse i avis, kunngjering på kommunen si nettside og varslingsbrev til rørte partar.	konsulent	Varslingsbrev: 25.08.2020 Kunngjeringsannonse: 27.08.2020 Merknadsfrist: 25.09.2020
Vurdering av innkomne merknadar	konsulent	September 2020 – Oktober 2020
Utarbeiding av planforslag	konsulent	Oktober 2020 – Desember 2020
Oversending av planframlegg til kommunen	konsulent	Januar 2021
Kommunal handsaming om utlegging til offentlig ettersyn/høyring (frist 12 veker).	kommunen	Januar 2021 -Februar 2021
Offentleg ettersyn/høyring (6 veker)	kommunen	Februar 2021 – Mars 2021
Handsaming av merknadar og ev. godkjenning av plan.	kommunen	Mars 2021 – Mai 2021
Ev. endring av planforslag og nytt offentlig ettersyn.	kommunen/konsulent	
Godkjenning av planforslag (Kommunestyret)	kommunen	
Kunngjering av godkjent plan	kommunen	Juni 2021

4 PLANSTATUS OG RAMMER


4.1 Overordna planar

Nasjonalt nivå:

- Rikspolitiske retningslinjer (RPR) for samordna areal- og transportplanlegging
- Rikspolitiske retningslinjer (RPR) for barn og unge

Kommunalt nivå:

- PlanID: 1511001 «Kommunedelplan for Vanylven»



Figur 4.1.1 Utsnitt fra gjeldande kommunedelplan – med planavgrensing

4.2 Gjeldande reguleringsplan

Planområdet er ikkje detaljregulert.

4.3 Tilgrensande planar

I følge offentlege kartbasar er det ikkje igangsett reguleringsarbeid i eller ved planområdet.

4.4 Temaplanar

Ingen.

4.5 Statlege planretningslinjer/rammer/føringar


Planarbeidet er basert på gjeldande plan- og bygningslov med forskrifter, rettleiingar samt andre aktuelle lover med forskrifter. I tillegg er SVV sine handbøker nytta ved utforming av vegar og avkøyrslar.

5 SKILDRING AV PLANOMRÅDET – EKSISTERANDE TILHØVE

5.1 Lokalisering

Lokalisering


Planområdet ligg på Vik i Vanylven, mellom Korsneset og Vikneset om lag 5 km frå Åheim, og 11 km frå kommunesenteret Fiskå.



Figur 5.1.1 Lokalisering av planområdet.

Avgrensning og storleik på planområdet

Planområdet på om lag 16 daa og er avgrensa av sjø i nord, dyrka areal i aust og vest, samt dels i nord ilag med eksisterande tun mot sør.



Figur 5.1.2 Plangrense.

5.2 Dagens arealbruk og tilstøytane arealbruk

Dronefotoet nedanfor syner planområdet med omgjevnader:



Figur 5.1.1: Dronefoto av planområde og omgjevnader - sett mot sørvest.

Planområdet:

Planområdet er hovudsakleg ikkje bygd ut, og består av dyrka mark og skog. Langs sjøkanten er der opparbeidd fylling og noko veg. Tett utanfor planområdet er der i sjøkanten etablert småbåthamn med naust og opptrekk.

Der står att attgrodde murar etter ei stovebygning. Stovehuset er SEFRAK registrert og er i fylje registreringa utført i 1982 oppført i 1870. Offentleg mynde har i fråsegn til oppstart rådd til at eksisterande bygg i planområdet om mogleg også bør bli bevart, sjølv om ikkje dei er verna i plansamheng. Området har også kringliggande steingardar som offentlig mynde har rådd til vert bevart som eit element i området. I tillegg står der eit eldre våningshus som planfremjar ønskjer å behalde som kan settast i stand og nyttast som fritidsbustad.

Kringliggande planområdet:

Kring planområdet finn ein hovudsakleg dyrka areal, skog og gardstun. Næraste tun ligg om lag 100 meter frå planområdet. Ein finn vidare tun med bustadhus, driftsbygningar osb. både aust og vest for planområdet. Desse bygningane er frå forskjellige epokar og i fleire byggestilar der klassiske bustadhus har ei overvekt.



Figur 5.2.2 Ortofoto av planområde og omgjevnader

5.3 Staden sin karakter

Struktur/estetikk/byform/ eksisterande busetnad

Syner til omtale og bileta ovanfor – samt vedlegg til planinitiativet (Vedl. nr.06) med diverse foto av kringliggjande busetnad. Området er som kjent hovudsakleg ikkje bygd ut. Kringliggjande busetnad er frå ulike epokar og i ulike byggestilar. Det er altså variasjon i bygningsmassen innanfor og utanfor planområdet både m.o.t funksjon, form, alder og estetikk. Då området hovudsakleg er landbruksområde er der ei blanding av større og mindre bygg, einbustader og næringsbygg i «skjønn foreining». Dei fleste bygningane har tradisjonelle saltak. Her er med andre ord ikkje eit eintydig arkitektonisk uttrykk eller formspråk som legg sterke føringar for planframlegget.

5.4 Landskap

Topografi og landskap

Frå sjøkanten og oppover planområdet stig vegen med om lag 1:10. Planlagde fritidsbustadar ligg på ei flate sør i planområdet med utsikt ut over fjorden. Dei konsentrerte fritidsbustadane er plassert på ei flate mot nord og fjorden. Der er frå før utfyllt i sjøen mot nord. Dette arealet vert regulert som parkeringsplass.

Solforhold/lokalklima

Planområdet er ope og solrikt utan kjende lokalklimatiske tilhøve det må takast særleg omsyn til.

Estetisk og kulturell verdi

I planområdet står der attgrodde murar etter eit stovehus. Huset er SEFRAC-registrert. Det vert vurdert at denne har liten verdi slik den står. Det er ikkje vurdert at murane bør takast vare på. Våningshuset som står tilstøytande er regulert inn som busetnad som skal takast vare på, og det er ønskeleg frå tiltakshavar at huset vert sett i stand og nytta som fritidsbustad.

5.5 Kulturminne og kulturmiljø

Ifølgje offentlege kartbasar (www.gislink.no) er der to SEFRAC-registrert bygg i planområdet men ingen som er omfatta av kulturminnelova. Bygningar i SEFRAC-registeret er i utgangspunktet ikkje tillagt særskilde restriksjonar, men er meint som eit varsku om at kommunen bør ta ei vurdering av verneverdien

før eventuelt løyve til riving, flytting eller endring vert gjeve. Møre og Romsdal fylkeskommune har i innspel til varsel om oppstart varsla at området har stort potensiale for automatisk freda kulturminne. Det er derfor utført arkeologiske registreringar. Arkeologiske registreringar avdekte funn av eit automatisk freda kulturminne som er ivareteke gjennom plankart og føresegner.

5.6 Naturverdiar

I følgje www.naturbase.no er det ikkje registrert artar av forvaltningsinteresse korkje i eller ved planområdet. Det er heller ikkje registrert framande artar av noko slag.

5.7 Rekreasjonsverdi/-bruk, uteområde

Sjølve planområdet har etter vår kjennskap ingen verdi som rekreasjonsområde. Det vert likevel peika på at ålmenta har interesse i fjøra og sjølinja er tilgjengeleg.


5.8 Landbruk

I kartbasen www.naturbase.no er planområdet avmerkt som landbruk. Mykje av arealet er vedteke omdisponert i overordna plan. Arealet ein har valt å regulere til konsentrerte fritidsbustadar nord i planområdet er fulldyrka jord.

5.9 Trafikkforhold

Avkøyrsløst/tilkomst til planområdet

Planområdet vil ha tilkomst frå fv. 61 til planområdet dels på kommunal og privat veg.



Figur 5.9.1 Tilkomst frå fylkesveg 61 til planområdet via kommunal og privat veg.

Vegsystem

For å kome seg til planområdet følgjer ein fv. 61 frå Åheim eller Fiskå. Strekninga er i følgje vegkartet

ulukkesutsett med fleire større og mindre ulukker. Vegbreidda på fylkesvegen er om lag 6 meter. Ein tek av frå fylkesvegen inn på kommunal veg ved Slagnes. Krysset har normal utflating i avkjørslepunktet. Ein fyll kommunal veg i om lag 250 meter før ein gjeng over på privat tilkomstveg til planområdet. Den kommunale vegen har vegbreidde på om lag 4 meter. Den private tilkomstvegen er noko smalare, og varierer frå 3 – 4 meter i breidde.

Trafikkmengd

I følgje vegkart så har fylkesveg 61. ÅDT=990 (2019). Ein er ikkje kjend med at det er utført trafikkteljing på den kommunale vegen.

Ulykkessituasjon

I følgje SVV sin kartbase www.vegkart.no er der fleire registrerte ulukker på fv. 61 forbi planområdet. Desse har varierende grad av alvor. Dei eldste registrerte ulukkene er frå 1980 talet, og dei nyaste er frå 2015-2019.

Trafikktryggleik for mjuke trafikantar

Der er ikkje fortau i området, den kommunale vegen har difor blanda trafikk. Fartsgrensa på staden er 50 km/t.

Kollektivtilbod

Der er skulebussordning mellom Fiskå og Åheim. Vidare er der busstopp langs fylkesvegen i sør.

5.10 Barn sine interesser

Planområdet vert ikkje nytta av born og unge i dag. I kraft av å ligge sjønært og landleg legg ein til grunn at også born og unge har interesser i området knytt til friluftsliv, fiske og sjøsport.

5.11 Sosial infrastruktur

Skulekapasitet

Ikkje relevant. Fritidsbustadar.

Barnehagedekning

Ikkje relevant. Fritidsbustadar.

Anna

Ingen.

5.12 Universelt tilgjenge

Planområdet er ikkje universelt tilgjengeleg i dag.

5.13 Teknisk infrastruktur

Vatn og avlaup

Der er ikkje kommunalt avlaup i området. Tiltakshavar opplyser at der gjeng ei privat vassleidning til planområdet som er kopla på offentleg vassforsyning. Vanylven kommune har opplyst at der er nok tilgang på vatn i området.

Trafo

Mørenett har ikkje kome med innspel til planoppstart. Ein legg difor til grunn at straumforsyning til planområdet er teke i vare.


Energiforsyning og alternativ energi, fjernvarme m.m

Ein legg til grunn at planområdet kan forsynast med straum frå eksisterande nett/trafo. Planområdet er ikkje underlagt krav om tilknytning til fjernvarmenett.

5.14 Grunnforhold

Stabilitetsforhold


Planområdet ligg i sona for marine strandavsetningar og dermed med potensiale for ustabile avsetningar i grunnen. Breiteig Fjordsenter har undersøkt området og vurderer området til å ha akseptabel risiko.



5.15 Støyforhold

Figur 5.14.1 Utsnitt frå NGU lausmassekart.

Ein er ikkje kjend med at der er utført trafikkteljing på kommunal veg som fører ned til planområdet. Støyvarselkart frå Statens Vegvesen syner at trafikkstøy frå Fv. 61 ikkje bidreg til støy på tomte jamfør figur 5.15.1.



Figur 5.15.1 Støyvarselkart utarbeidd av Statens Vegvesen som syner at fylkesvegen ikkje bidreg til støy på tomta.

5.16 Luftforureining

Vegstøv frå kommunal og privat veg er vurdert til å ligge godt under grenseverdiane i «T-1520 retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging».

5.17 Risiko og sårbarheit (eksisterande situasjon)

Det er utarbeidd ROS-analyse basert på Statsforvaltaren i Møre og Romsdal si sjekkliste. Utfylt sjekkliste er signert og følgjer planframlegget iht. vanleg praksis. ROS-analysen avdekte følgjande punkt for nærare utgreiing:

Naturgitte forhold:

d) Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold) ?

Planområdet ligg i sona for marin strandavsetning – jfr. NGU lausmassekart – som inneber potensiale for ustabil byggegrunn.

e) Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følgje av moglege klimaendringar?

Planområdet ligg ved sjøen og kan vere utsett for flaum. Området er undersøkt av Breiteig Fjordsenter som har gitt råd om kotehøgde på ferdig golv for å unngå problem med flaum.

g) Kan det vere fare for skogbrann/lyngbrann i området?

Planområdet ligg kringliggande skog og dyrka mark, og det kan difor vere fare for skogbrann/lyngbrann. Det vert vurdert at der er god tilgang på sløkkjevattn då planområdet ligg ved sjøkanten.

h) Er området sårbart for ekstremvær/stormflo medrekna ei ev. havnivåstigning som følgje av endra klima?

Planområdet ligg ved sjøen og kan vere utsett for ekstremvær og stormflo. Breiteig Fjordsenter har undersøkt området og gitt fagleg råd om kotehøgde på ferdig golv for å unngå utfordringar knytt til ekstremvær/stormflo.

Samferdsel:

a) Er der kjende ulukkespunkt på transportnettet i området?

Der er fleire ulukker registrert på fv. 61. Dei fleste er utforkøyeringar, samt ei påkøyrslse bakfrå. Noko sør for planområdet er der registrert do dødsulykker (1994 og 2018).

Miljø/landbruk:

a) Vil tiltaket ta areal frå dyrka eller dyrkbar mark?

Det meste av arealet er vedteke omdisponert i overordna plan. Ein legg ved etablering av konsentrerte fritidsbustadar opp til ei mindre omdisponering av dyrka areal. (om lag 600m²) Køyreveg og fylling i sjø er alt etablert, og planframlegget formaliserer bruken av desse.

6 SKILDRING AV PLANFRAMLEGGET

6.1 Planlagt arealbruk/reguleringsformål

Arealtabell	
§12-5. Nr. 1 - Bygninger og anlegg	Areal (daa)
1121 - Fritidsbustnad-frittliggjande (2)	11,2
1122 - Fritidsbustnad-konsentrert	0,6
1610 - Lekeplass	0,3
Sum areal denne kategori:	12,1
§12-5. Nr. 2 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	Areal (daa)
2011 - Køyrevæg	0,8
2018 - Annan veggrunn – teknisk anlegg (3)	0,6
2082 - Parkeringsplassar	0,7
Sum areal denne kategori:	2,2
§12-5. Nr. 5 – Landbruks-, natur- og friluftsfomål og reindrift	Areal (daa)
5110 - Landbruksformål	1,9
Sum areal denne kategori:	1,9
Totalt alle kategorier: 16,2	

6.2 Gjennomgang av aktuelle reguleringsformål

1121 – Fritidsbustnad - frittliggjande (BFF)

Innanfor BFF1 (3,4daa) og BFF2 (7,8daa) kan det førast opp frittliggjande fritidsbustadar. Dette er avgrensa til 11 nye fritidsbustadar, samt at eksisterande bygning også kan nyttast til dette formålet. Føresegner knytt til BFF1 og BFF2 gjeld ved nybygg. Dette gjeld også byggegrense. Byggegrensa er lagt 4 meter frå regulert vegformål mot BFF1 og BFF2. Fritidsbustadane kan førast opp med inntil 7.0 meters mønehøgde og 5.0 meters gesimshøgde rekna frå gjennomsnittleg planert terreng. %BYA er sett til 35%. Fritidsbustadane skal ha saltak eller pulltak/samansette takflater med takvinkel 0-45 grader. Ein har også sett krav i føresegnene om at det skal setjast krav om 2 parkeringsplassar for bil per fritidsbustad. Vidare er der krav om at det ikkje skal nyttast reflekterande materialar, samt at fritidsbustadane skal ha god terrengtilpassing utan skjemmaende fyllingar, skjeringar og liknande.

1122 – Fritidsbustnad – konsentrert (BFK)

Innafor BFK (0,6daa) kan det førast opp konsentrert fritidsbustadar, på rekkje/ i kjede. Ein kan innafor BFK føre opp inntil 6 konsentrerte fritidsbustadar. Desse skal ha samla grunnflate over 2 plan ikkje over 90m². Fritidsbustadane er trekt tilbake i høve sjøkanten (om lag 18 meter frå sjøkanten), og terrenget bak stig nokså bratt. På denne måten får ein både sikra at der er god plass framfor fritidsbustadane, samt at fritidsbustadar som vert etablert bak ikkje får utsiktstap.

Konsentrerte fritidsbustadar kan førast opp med inntil 7.0 meters mønehøgde og gesimshøgde ikkje over 5.0 meter rekna frå gjennomsnittleg planert terreng. %BYA er sett til 55% då ein legg til grunn 2 rekkjer/kjeder a 3 fritidsbustadar med total lengde x breidde på 10x15 meter. Dette utgjør 300m² for to rekkjer, og dermed

om lag BYA=51%. Konsentrerte fritidsbustadar skal ha sal eller pulttak/samansette takflater med takvinkel 0-45 grader. Det er ikkje høve til å føre opp levegg, gjerde eller anna stengsel framfor dei konsentrerte fritidsbustadane som kan vere til hinder for ålmenta sin ferdsl og tilgang til strandsona.

På bakgrunn av Breiteig Fjordsenter sin rapport «Geologisk vurdering Slagnes Gnr. 42 bnr. 2 Vanylven kommune» - har ein i føresegnene sett krav om at ferdig golv på fritidsbustadar skal ligge på minimum kote 2.6 meter. Med dette oppnår ein i følge rapporten tryggleik i klasse F2 i TEK17 §7-2.

Under arkeologiske registreringar vart det gjort funn av automatisk freda kulturminne, steinalderbuplass. Formålet BFK gjeng inn i sikringssone H730_2 med om lag 2-4 meter. Ein har nytta byggjegrænse for å sikre at der ikkje vert plassert bygningar i korkje H730_1 eller H730_2. Det vert likevel opna for at ein kan etablere køyrbar veg og parkering i samsvar med formåla BFK og SPP. Det er krav i føresegnene om at ein ikkje kan fjerne meir en maksimalt 30 cm av toppdekket. Det vert til sist peika på at køyreveg og fylling i sjø som no vert regulert til parkering, alt er utført/opparbeidd.


1610 - Leikeplass (f_BLK)

Leikeplass f_BLK skal opparbeidast som for områda BFF1, BFF2 og BFK. Leikeplassen er plassert sentralt i planområdet og vert lett tilgjengeleg for born og unge i alle aldrar. Storleik på leikeplassen vil vere 100m2. Vidare har ein regulert inn turveg i enkel standard frå køyreveg SKV1 til leikeplassen for å sikre at gangavstanden vert minst mogleg for brukarane. Nokre av fritidsbustadane må krysse køyreveg SKV1 for å kome til leikeplassen. Men sidan SKV1 vidare mot sjøen eine og åleine skal gi tilkomst til inntil 6 konsentrerte fritidsbustadar, samt sikre ålmenta sin tilgang til strandsona – så vert dette vurdert som akseptabelt. Det er vidare knytt rekkefølgjeføresegn til opparbeiding av leikeplassen, samt til korleis denne skal utstyrast med minimum ein benk og ei sandkasse/leikeapparat, samt noko fast dekke.

2011 - Køyreveg (SKV1)

Interne vegar i BFF1, BFF2 og BFK vert ikkje regulert. Køyrevegen SKV1 er regulert som den ligg i dag. Vegen har ei breidde på mellom 3 og 4 meter målt frå skulder til skulder. SVV rår til at bustadgater bør vere smale for å unngå høg fart og kantparkering. Dette er i samsvar med vegnormalane N100 figur B.14:

Boliggatene/boligvegene utformes slik at lavt fartsnivå sikres. Øvrige boliggater/boliggater bør utformes med breidde 3,5 – 4,5 m.



Figur B.14: Øvrige boliggater/boligveg (mål i m)

I tillegg har vi regulert inn ei 1,5m brei stripe som «2018 Annan veggrunn.»

2082 – Parkering (SPP)

Der er tidlegare fylt ut i sjøen mot nordvest i planområdet. Ein har her valt å regulere inn om lag 700m2 med parkering for gjestar og besøkande, samt manøvreringsareal for båtvogner og liknande i tilknytning til området. Parkeringsarealet har privat eigarform, men skal vere open for ålmenta. På denne måten sikrar ein at alle kan nytte parkeringsplassen for aktivitet og leik i fjøra og ved sjøkanten. På denne måten unngår ein etter vårt syn å privatisere strandsona.

2018 - Annan veggrunn – tekniske anlegg (o_SVT)

Langs begge sider av SKV1 fram til landbruksformålet/kulturminnet på vestsida av vegen, og vidare ned til vegen endar på austsida er der regulert inn formålet annan veggrunn – teknisk anlegg. Vi har også regulert

inn formålet på nordsida av vegen mot parkeringsplass SPP og vidare rundt SPP. Dette er gjort for ikkje å kome i konflikt med kulturminne H730_1. Ein har lagt formålet annan veggrunn innanfor H730_2, men med krav om at ein ikkje kan fjerne meir enn maksimum 30 cm av topplaget ved etablering av desse. Ein legg vekt på veg og fylling i sjø er etablert. Annan veggrunn har eigarform som tilstøytande veg, kan nyttas til snøopplag og liknande - men kantparkering vert ikkje tillate.

3031 – Turveg (GT)

For å gi rask tilkomst til leikeplassen, f_BLK- har ein regulert inn turveg frå SKV1. På denne måten sikrar ein gangavstand på om lag 50 meter frå alle fritidsbustadane i planområdet. Turvegen skal opparbeidast i enkel standard med 2 meter breidde. Turvegen kan ha fast dekke, men det er ikkje eit krav. Det er ikkje sett krav om at turvegen skal vere mogleg å brøyte.

5110 – Landbruksformål (LL)

For å sikre at det automatisk freda kulturminnet ikkje vert forstyrra, har ein regulert inn området hovudsakleg som landbruksformål. Dette kjem i tillegg til omsynssonene H730_1 og H730_2. Innanfor formålet landbruk vil omsynssonene gi reglar for kva tiltak ein kan utføre.

Innanfor H730_1 er det ikkje tillate å sette i gang tiltak som er egna til å skade, øydelegge, grave ut, flytte, endre, dekke til, skule eller på annan måte utilbørleg skjemme det automatisk freda kulturminnet eller framkalle fare for at dette kan skje.

Innanfor H730_2 er det tillate med tradisjonell jordbruksdrift for å halde sona i hevd. Større tiltak skal likevel avklarast med regional kulturvernmyndigheitene. Det vert peika på at ein skal syne særleg aktsemd i nærleiken av det automatisk freda kulturminnet H730_1. Ein skal ikkje sette i gong tiltak som til dømes grøfing, pløying djupare enn 30 cm og anna som kan endre terrenget med mindre dette er avklart med kulturvernmyndigheitene.


6.3 Bebyggelsen si plassering og utforming

Plassering og bygningshøgde

Bygningar skal plasserast innanfor byggegrensar og formålsgrensar slik som det er synt i plankartet. Ein skal ta sikte på å gi ei god terrengplassering og skjemma fyllingar og skjeringar er ikkje tillate. Vanylven kommune skal ved handsaming av byggesøknad sjå til at god materialbruk og form er i fokus, samt at det er ei harmonisk utforming mellom bygningar i same område.

- Frittliggande fritidsbustadar kan førast opp me mønehøgde inntil 7.0 meter og gesimshøgde inntil 5.0 meter rekna frå gjennomsnittleg planert terreng.
- For konsentrerte fritidsbustadar vert mønehøgda avgrensa til inntil 7.0 meter og gesimshøgde ikkje over 5.0 meter.

Byggjeregnsar er sett 4 meter i frå formålsgrensen mot sør, aust og vest. Mot nord følgjer den formålsgrensen for BFK mot vest, og grensa til omsynssone H730_2 mot nord og aust.



Figur 6.3.1 Byggjeregnsar mot H730_2 markert med raudt.

Grad av utnytting (%-BYA)

Grad av utnytting for område BFF1 og BFF2 er bestemt slik: Maks %BYA=35.

Grad av utnytting for område BFK er bestemt slik: Maks %BYA=55.

Tal på bueiningar/fordeling

Det er planlagt inntil 11 nye frittliggande fritidsbustadar, 6 konsentrerte fritidsbustadar, samt ein fritidsbustad i eksisterande våningshus på Gnr. 42 bnr.2. Desse fordelar seg slik på områda(kan verte endra):

- BFF1: Inntil 3 nye fritidsbustadar.
- BFF2: Inntil 8 nye fritidsbustadar, samt eksisterande våningshus.
- BFK: Inntil 6 konsentrerte fritidsbustadar.

Illustrasjonsplan

Det er utarbeidd illustrasjonsplan (vedlegg nr. 11.) Denne er ikkje juridisk bindande, og syner ei mogleg utbygging av området.

6.4 Bustadmiljø/bukvalitet**Barn, unge og vaksne**

Den sentralt plasserte nærleikeplassen samt privat uteopphaldsareal rundt kvar einskild fritidsbustad vil fungere som leikeareal og sosial treffstad. Leikeplassen skal utstyrast som nærleikeplass, men det er også opning for å etablere gapahuk eller andre tiltak som inviterer til utvida bruk av arealet. Planområdet ligg i direkte nærleik til både fjord og fjære som byr inn til aktivitet og turopplevingar for små og store. På sjøen kan ein til dømes fiske, bade og drive ulike former for sjøsport.

6.5 Parkering**Tal, utforming og lokalisering av parkeringsplassar**

Til kvar frittliggande fritidsbustad skal det settast av 2 biloppstillingsplassar. Desse skal ikkje vere i garasje/carport. For område BFK skal SPP nyttast til biloppstilling. SPP skal også kunne nyttast for dei som gjeng tur i området. Eigarform er privat, men SPP skal vere open for ålmenta.

6.6 Tilknytting til infrastruktur**Vatn og avlaup**

I følgje Vanylven kommune og tiltakshavar så er der offentleg vatn i området som vil forsyne planområdet. Tiltakshavar opplyser at planområdet vil verte forsynt med vatn via ei privat leidning. Ein vil i prosjekteringsfasen vurdere om den private leidninga må rustast opp fram til hyttefeltet.

Der er ikkje offentleg avlaup på staden. Gråvatn vert ført til sjø via eksisterande sjøleidning, og ein vil i prosjekteringsfasen avgjere om ein skal ha felles slamavskiljar eller om der skal vere knytt slamavskiljar til kvar einskild eining. Det er føresett at det vert oppretta sameige for veg, vatn og avlaup.

Renovasjon

Fritidsbustadar vil nytte seg av hytterenovasjon i Vanylven kommune. Næraste renovasjonspunkt er ved kyrkja på Slagnes.

6.7 Trafikkløysing**Køyretilkomst**

Tilkomst vil som kjent skje på kommunal og privat veg til planområdet. Syner til kapittel [5.9](#) som skildrar dette.

Utforming av vegar

SKV1 er regulert i samsvar med faktisk opparbeiding med 3-4 meter breidde inkl. skuldrar. I tillegg er det avsett 1,5m regulert som annan veggrunn for grøft/snøopplag langs SKV1 mellom BFF1 og BFF2 til ein når automatisk freda kulturminne. Statens vegvesen (SVV) tilrår smale bustadgater mellom anna for å hindre kantparkering og høg fart. Det er ikkje sett krav om asfaltering.

Stigningsforhold

Planområdet stig jamt med om lag 10% (1:10) frå sjøkanten i nord og sørover opp igjennom planområdet.

Felles tilkomstveg, eigedomsforhold

SKV1 har privat eigarform i dag, og vil er vidare regulert til dette. Annan veggrunn har eigarform som tilstøytande veg.

Krav til samtidig opparbeiding

Før femte bueining får bruksløyve, skal leikeplassen vere opparbeidd.

Tilgjenge for gåande og syklende

Der er ikkje fortau i området. SKV1 vil ha høvesvis lite trafikk og der vil vere blanda trafikk på denne vegen. Gåande og syklende kan difor fritt også nytte seg av vegen.

6.8 Planlagde offentlege anlegg

Det er ikkje planlagt offentlege anlegg utover tilknytning til offentlig vassleidning i området.

6.9 Miljøoppfølging

Det skal utvisast normalt omsyn til omgjevnadane.

6.10 Universell utforming

I samsvar med Tek17 §12-1 skal byggverk for publikum og arbeidsbygningar som utgangspunkt vere universelt utforma. Fritidsbustadar er ikkje publikum eller arbeidsbygning, og løyser difor ikkje krav om universell utforming.

6.11 Uteopphaldsareal**Privat og felles uteopphaldsareal**

Ein syner til kap. 6.4 der det er gjort greie for korleis kravet til MUA er innfridd.

Tilkomst og tilgjenge

Det er ikkje krav om tilgjengeleg bueining når området er regulert som fritidsbustad og desse berre har ei bueining. Som omtalt i kap.10 vil krav om universell utforming bli gjort gjeldande for uteopphaldsareal.

Sesongbruk

Området ligg flott til ved sjøen, og inviterer til leik og opphald i strandsona for både fastbuande og tilreisande. Vidare har området svak halling, og ein vil kunne finne område å nytte til vinterleik når der er snø.

Andre uteopphaldsareal

Planområdet ligg ved sjøen, strandsona vert eit naturleg uteopphaldsareal.

Krav om utomhusplan og rekkefølgjekrav

Ved søknad om byggjeløyve skal det følgje situasjonsplan som syner korleis uteområda skal utformast og opparbeidast – jfr. reguleringsføresegnene.

6.12 Landbruksfaglege vurderingar

Mykje av arealet som vert regulert er vedteke omdisponert i overordna plan. Likevel vil ein regulere om ein mindre del dyrka mark. Tilkomstveg SKV1 og fylling i sjø som utgjør SPP er utført, og reguleringa formaliserer dagens bruk. Funn av automatisk freda kulturminne gjer at ein stor del av arealet vert liggande med landbruksformål. Området har likevel restriksjonar for kva tiltak som er tillate. Det vert vurdert at overskytande areal som ligg inneklemt mellom BFF2, SPP og kulturminne har liten verdi som landbruksareal.

6.13 Kulturminne

Møre og Romsdal fylkeskommune stilte krav om arkeologiske registreringar ved varsel om oppstart. Registreringane vart utført hausten 2020 og avdekte eit automatisk freda kulturminne. I samråde med kulturavdelinga hjå Møre og Romsdal fylkeskommune har ein regulert inn 2 bandleggingssone i plankartet og knytt føresegnar til desse for å syte for vern av kulturminnet. Det er i tillegg regulert inn byggegrense i lik utstrekning som sone H730_2. Det er tillate å etablere køyrbar veg og parkeringsplass innanfor byggegrensa så lenge ein ikkje gjeng djupare enn 30 cm ned i bakken i høve dagens situasjon.

6.14 Plan for vatn og avlaup samt tilknytting til offentleg nett

Vatn: Der er offentleg vassleidning i området. Denne gjeng via ei privat leidning ned mot planområdet. Tiltakshavar opplyser at den private leidninga vil verte oppgradert i samband med bygginga. Den kommunale leidninga har ikkje kapasitet til å levere sløkkjevatn til planområdet. Ein legg difor til grunn at sløkkjevatn må hentast frå sjøen i tilfelle brann.

Avlaup: Der er ikkje offentleg avlaupsanlegg i området. I dag vert avlaupet sendt til sjøen utan noko form for reinsing. Ein vil i prosjekteringsfasen avgjere om nye fritidsbustadar skal ha felles slamavskiljar eller om der skal vere slamavskiljar knytt til kvar einskild eining. Gråvatn vert vidare leida til sjø av eksisterande avlaupsleidning.

6.15 Avbøtande tiltak/løysingar ROS

ROS-analysen avdekte følgjande punkt for nærare utgreiing:

- 1) Naturgitte forhold punkt d): Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?
Då planområdet ligg innafor marin grense vart Breiteig Fjordsenter engasjert for å vurdere byggegrunnen. Rapporten i vedlegg nr. 10 stadfestar at grunner er trygg etablering av tiltaka planen opnar for. Risiko for utgliding vert på grunnlag av dette vurdert som låg.
- 2) Naturgitte forhold punkt e): Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følgje av moglege klimaendringar?
Breiteig Fjordsenter har undersøkt området og konkluderer med at så lenge ein følgjer DSB sine anbefalingar med tilhøyrande klimapåslag så stettar ein klasse F2 i TEK 17 §7-2. Risiko for flaum vert på bakgrunn av dette vurdert som låg.
- 3) Naturgitte forhold punkt g): Kan det vere fare for skogbrann/lyngbrann i området?
Området har dyrka mark og skog kringliggande seg. Det kan difor vere fare for skogbrann og lyngbrann. Det vert likevel peika på at ein har god tilgang på vatn frå sjøen. Risiko for skog/lyngbrann vert difor vurdert som låg.
- 4) Naturgitte forhold punkt h): Er området sårbart for ekstremvêr/stormflo medrekna ei ev. havnivåstigning som følgje av klima?
Planområdet ligg ved sjøen. Breiteig Fjordsenter har vurdert at dersom ein følgjer DSB sine anbefalingar med tilhøyrande klimapåslag så oppnår ein tryggleiksklasse F2 i TEK 17 §7-2. Faren for ekstremvêr/ stormflo vert på bakgrunn av dette vurdert som liten.
- 5) Samferdsel punkt a): Er det kjende ulukkespunkt på transportnettet i området?
Der er fleire registrerte ulukker på fylkesveg 61 som ein tek av på for å kome seg til planområdet. Ulukkene har varierende grad av alvor. Fartsgrensa er 80 km/t på fylkesvegen, og krysset har god utforming. Der er ikkje registrert ulukker i samband med dette krysset. Faren for ulukke vert difor vurdert som mindre.
- 6) Miljø/landbruk punkt c): Vil tiltaket ta areal frå dyrka eller dyrkbar mark?
Store delar av planområdet er vedteke omdisponert i overordna plan. Køyrevegen SKV1 og fylling i sjø som vert regulert som parkering er etablert. Då det vart gjort funn av automatisk freda kulturminne som gir restriksjonar på bruken av arealet til landbruksføremål vert det vurdert at restarealet som ligg inneklemt mellom BFF2, SPP og kulturminne har liten verdi som restareal. Konsekvensen for landbruk vert på bakgrunn av dette vurdert til låg.

6.16 Rekkefølgjekrav

Før etablering av 5 eining skal leikeplass BLK vere opparbeidd.

7 VERKNADER AV PLANFRAMLEGGET

7.1 Overordna planar

I gjeldande arealdel for Vanylven kommune er store delar av arealet avsett til E40, utbyggingsformål - turisme. Utbyggjar ønskjer ikkje å drive med utleige av fritidsbustadar. Ein regulerer difor fritidsbustadar, både frittliggande og konsentrerte for sal.

7.2 Landskap, omgjevnader og naboar

Ein vil alltid endre landskapet sin karakter og på ulikt vis påverke omgjevnadane når ein bygger ned eit areal. Tidlegare har der stått fleire bygningar i planområdet enn i dag. Ved varsel om oppstart kom der ikkje innspel frå naboar. Etablering av tiltaka planen opnar for vil syne att i landskapet. Det vert peika på at det meste av arealet er vedteke omdisponert i overordna plan. Ein har gjennom planframlegget prøvd å redusere negative verknadar til eit minimum ved til dømes at tomtene i størst mogleg grad skal behalde sitt naturlege preg.

7.3 Staden sin karakter

Området er ikkje utbygd i dag sett bort frå eksisterande våningshus på garden. Der bur ikkje personar i eksisterande våningshus i dag. Ei utbygging av området vil endre staden sin karakter. Ein peikar likevel på at planområdet ligg dels skjerma for naboar i bakkant, og det er naturleg vegetasjon på sidene som i likskap med steingardane vert bevart. Ein kan difor ikkje sjå at etablering av tiltaka planen opnar for i særleg grad vil gi negative konsekvensar for staden sin karakter.

7.4 Estetikk

Omsynet til estetikk er etter vårt syn ivareteke gjennom krav i føresegnene til moderne bygningsform og god terrengtilpassing m.m.

7.5 Kulturminne og -miljø, ev. verneverdi

For det automatisk freda kulturminnet som vart avdekt under arkeologisk registrering vil der ikkje kome endringar i høve eksisterande situasjon. Kulturminnet er knytt omsynssoner og er teke i vare i plankart og føresegnar slik ein er trygg på at ein oppnår naudsynt vern for dette. Vidare legg ein vekt på kulturminnelova § 8 andre ledd som seier at dersom ein under arbeidd kjem over noko som kan vere automatisk freda kulturminne, pliktar ein å stoppe arbeidet og ta kontakt med kulturavdelinga i fylkeskommunen for avklaring.

7.6 Tilhøvet til naturmangfaldslova

Oppslag i www.naturbase.no og www.artskart.no syner at det korkje i eller ved planområdet er registrert artar av forvaltningsmessig interesse. Ein har ved synfaring ikkje funne artar av forvaltningsmessig interesse. Tiltakshavar er heller ikkje kjend med at der er artar av forvaltningsmessig interesse i planområdet. Ut frå dette konkluderer ein med at planlagd arealbruk ikkje kjem i konflikt med forhold knytt til natur og miljø – jfr. naturmangfaldslova §§8-12.

7.7 Rekreasjonsinteresser/rekreasjonsbruk/uteområde

Ei utbygging av området med blant anna ein attraktiv leikeplass vil invitere til leik og uteopphald. Fylling i sjø vil fungere som parkering til både fritidsbustadar og andre som ønskjer å nytte seg av strandlinja. Det vert peika på at etablering av tiltaka reguleringsplanen opnar for – vil gjere at området får tilført verdiar som rekreasjonsområde/ uteopphaldsområde. I dag har det liten slik verdi.

7.8 Trafikkforhold

Vegforhold

Køyrevegen SKV1 som ligg etablert i dag vil få ei oppgradering ved at ein regulerer inn annan veggrunn på begge sider. Fylling i sjø er også utført og vil utgjere parkering SPP.

Trafikkauke/-reduksjon/-tryggleik

Tilkomstvegen vil få tilført noko meir trafikk en i dag. Det vert likevel peika på at trafikkauken er marginal då fritidsbustadar ikkje tilfører like mykje trafikkauke som til dømes bustadar. For å kome fram til ein ÅDT kan ein nytte seg av metoden som er skildra i kapittel 4.1 «Privateide fritidsboliger (kalde senger) frå rapporten [«Trafikkanalyse Myrkdalen»](#) som vart utarbeidd for Voss kommune i samband med kommunedelplanen for Myrkdalen, vedteken 10.02.2010. Rapporten syner til transportøkonomisk institutt sin rapport «Daglige fritidsaktiviteter, fritidsbolig- og båtliv og svenskehandel» (2005), og Østlandsforskning sin rapport 06/2005. Ein antek at resultatet frå desse er overførbare til andre kommune. Rapportane gir at ein fritidsbustad genererer 45 bilturar per år. Ved å runde dette opp til 50 turar per år med 12 fritidsbustadar og 6 konsentrerte fritidsbustadar, så får ein auke i ÅDT på om lag 2,5. Ein reknar då 50 turar per år x 18 einingar delt på 365 dagar.

Vanylven kommune opplyser at der er om lag 25 born som nyttar skuleskyssen på Slagnes. Vidare er der om lag 5 som nyttar seg av næraste busstopp knytt til planområdet. På bakgrunn av ein sær marginal auke i ÅDT ved etablering av tiltaket, vert det vurdert at tryggleiken er teke i vare.

7.9 Barn sine interesser

Born og unge har klare interesser i strandsona og sjøen, og både små og store born vil kunne finne seg til rette i feltet. Det vert vurdert som positivt at ein igjennom tiltaket får etablert ein attraktiv leikeplass som er knytt til fritidsbustadane. Vidare er det positivt at ein får etablert parkeringsplass som skal tene både eigarar/besøkande av fritidsbustadane, samt andre som har ønske om å kome seg i direkte nærleik til sjøen og strandsona i området.

7.10 Sosial infrastruktur

Vert vurdert som mindre aktuelt då planframlegget opnar for fritidsbustadar. Det kan like vel tenkje seg at ein i framtida vil sjå eldre og andre med auka behov for til dømes pleie vel å opphalde seg i fritidsbustaden over lengre periode. Desse vil då kunne ha behov for tenester frå helse og omsorg i kommunen.

7.11 Universell tilgjengelegheit

Leikeplassen vert opparbeidd etter prinsipp om universell utforming.

7.12 Energibehov – energibruk

Det leggst til grunn bruk av elektrisk oppvarming (panelovn/varmepumpe etc.) ev. i kombinasjon med vedfyring. Dette er forhold som vert avklart i prosjekteringsfasa. Ein har ikkje fått merknad frå nettselskapet om at der er utfordringar knytt til levering i området.

7.13 ROS

Gjennomgang av statsforvaltaren si sjekkliste for ROS avdekte eitt forhold for nærare avklaring:

Naturgitte forhold:

d) Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?

Området er undersøkt av Breiteig Fjordsenter. Planområdet vert vurdert til å vere eigna for bygging.

h): Er området sårbart for ekstremvær/stormflo medrekna ei ev. havnivåstigning som følgje av klima?

Etablering av fritidsbustadar ved sjøkanten er sårbart for ekstremvær/stormflo. Breiteig Fjordsenter har vurdert området og gitt faglege råd om korleis ein unngår utfordringar med flaum ved å krevje minimumshøgde på ferdig golv i fritidsbustadane.

Miljø/Landbruk:

a) Miljø/landbruk punkt c): Vil tiltaket ta areal frå dyrka eller dyrkbar mark?

Ein vil gjennom planframlegget omdisponere noko dyrka areal som ikkje er vedteke omdisponert i overordna plan. Syner elles til kapittel [6.15](#).

7.14 Teknisk infrastruktur

Vatn og avlaup

Ein tek sikte på å kople seg på offentlig vassleidning i området. Spillvatn og overvatn vert leida til sjø, og ein vil i prosjekteringsfasen avgjere om det skal etablerast felles anlegg for slamavskiljar, eller om der skal etablerast slamavskiljar knytt til kvar einskild eining.

7.15 Økonomiske konsekvensar for kommunen

Tiltaka kan løyse oppgradering og/eller utskifting av eksisterande vassleidning i området. Vidare vert det rekna som positivt at ein legg til rette for reiselivsverksemd (kalde senger), som gir auka tilgang til skatteinntekter for kommunen.

7.16 Konsekvensar for næringsinteresser

Planframlegget legg til rette for etablering av fritidsbustadar. Dette kan verke positivt på handelen i kringliggande tettstadar. Ein vil også kunne sjå auka bruk av tenester i området.

7.17 Interessesettnadar/konflikttema

Der er interessesettnadar mellom utbyggjar sitt ønske om å etablere fritidsbustadar i nærleiken til sjøen, og sektormyndene sine ønskjer om å verne strandsona ved ikkje å tillate utbygging innafor 100metersbeltet.

[Statlege retningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen](#), som var på høyring hausten 2020 – seier at desse skal gjelde i 100-metersbeltet langs sjøen. Vanylven kommune er plassert i kapittel 7, som har mindre press på strandsona. Av høyringssvara kan ein lese at retningslinjene vert vurdert som positive, og at dei styrkar den kommunale sjølvrådetretten. Vidare vert det peika på at «behovet for næringsutvikling og arbeidsplassar, for eksempel satsing på reiseliv og turisme, skal vektleggast i vurdering av tiltak i 100-metersbeltet. Desse omsyna må vektast opp mot omsynet til ålmenta si interesse.

østLandsforskning sin rapport 03/2017 [«Betydningen av turistnæringen/fritidsboligutbyggingen for Sirdal kommune»](#) konkluderer med at turisme og særskilt fritidsbustadar som står for om lag tre fjerdedelar av reiselivskonsumet, er essensielt for næringslivet i Sirdal kommune. Ein kan tenkje seg at dette også kan vere gjeldande for andre kommunar, også Vanylven.

7.18 Avveging av verknader

Planframlegget opnar for ei utbygging som gjeng noko ut over rammene gitt av Vanylven kommune sin arealdel. Ein har valt å regulere inn køyreveg og fylling i sjø som alt er opparbeidd for å formalisere bruken av desse. Vidare har ein funne det naturleg å nytte eit restareal på om lag 600m² til konsentrerte fritidsbustadar. Desse er trekt inn i høve sjøkanten, og det vert vurdert til å vere god plass mellom fritidsbustadane og denne – om lag 18 meter.

Ein har i planframlegget gjort grep for å unngå privatisering og nedbygging av strandsona ved å både sikre ålmenta sin ferdselsrett i området, gjennom føresegnene sørge for at det ikkje er høve til å sette opp gjerde eller anna stengsel i framkant ved etablering av konsentrerte fritidsbustadar. Ein får også formalisert bruken av fylling i sjø som gir ein større parkeringsplass SPP, som også skal vere open for ålmenta. Vidare gir det automatisk freda kulturminne noko restriksjonar for å kunne drive effektivt landbruk innanfor sonene H730_1 og H730_2. Ein har difor valt å regulere inn 2 rekker med 3 konsentrerte fritidsbustadar for å få ein fornuftig utnytting av restarealet. Ein vil difor i liten grad omdisponere meir areal enn kva som alt er etablert på staden.

8 KONSEKVENSGREIING

Tiltaket er vurdert etter forskrifta om konsekvensutgreiing i samsvar med Pbl. kap.4. Då både formål og avgrensing er i samsvar med overordna plan, og elles utan vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn, er det ikkje behov for konsekvensutgreiing. Referat frå oppstartsmøte er vedlagt.

9 INNKOMNE INNSPEL TIL VARSEL OM OPPSTART

Ved varsel om oppstart tok vi imot fire (4) innspel – alle innan fristen sitt utløp. Innspela er vedlagt i si heilheit, med utdrag og kommentar nedanfor:

9.1 Innspel (samandrag med kommentar)

9.1.1 Noregs vassdrags- og energidirektorat NVE (15.09.2020)

Innspel:

- 1) NVE kjem med generelt innspel der det vert peika på at god arealplanlegging er det viktigaste verkemiddelet for å førebyggje skade frå flaum, erosjon og skred. Omsyn til flaum må også sjåast i samanheng med handtering av overvatn
- 2) NVE ber om at dersom planen får følgje for deira saksområde, så skal dei ha planen tilsendt ved offentlig ettersyn.

Kommentar:

- 1) Innspelet er notert. Der er utarbeidd rapport frå geolog/hydrolog som følgjer planframlegget.
- 2) Då planområdet ligg innanfor marin grense vert NVE sitt fagområde råka. NVE får planen tilsendt ved offentlig ettersyn.

9.1.2 Statens Vegvesen SVV (16.09.2020)

Innspel:

- 1) SVV har ingen innvending til at planarbeidet startar opp så lenge det vert lagt til rette for tiltak som er i samsvar med kommuneplanen sin arealdel i formål og utstrekning.
- 2) Trafikktryggleik må vurderast heilskapleg med tanke på den auka trafikken tiltaket vil medføre. SVV meiner ein må sjå på trafikktryggleiken frå krysset til fylkesveg 61 og fram til planområdet. Det vert her lagt vekt på både køyretøy og mjuke trafikantar, samt ev. eksisterande skuleveg.
- 3) SVV rår til at vegnormalane vert nytta, også for private vegar.

Kommentar:

- 1) Teke til vitande. Planframlegget følgjer i stor grad arealet som er avsett i kommuneplanen sin arealdel. Ein har valt å legge inn eit område for konsentrerte fritidsbustadar mot nord. Desse er inntrekt i høve sjøkanten, og ein kan ikkje sjå at denne tilrettelegginga er med på å avgrense ålmenta sin tilgang til strandsona. Vidare vert det vurdert som fornuftig nytting av restarealet, då automatisk freda kulturminne bandlegg mykje areal.
- 2) Merknad er teke til vitande. Trafikksituasjon og tryggleik er gjort greie for i planomtalen sitt kapittel [6.7](#) og [7.8](#). Etablering av inntil 6 konsentrerte fritidsbustadar og 12 frittliggande fritidsbustadar med 1,25 passering tilseier ÅDT=22,5. Altså ei marginal auke i høve eksisterande situasjon.
- 3) Merknaden er teke til vitande.

9.1.3 Statsforvaltaren i Møre og Romsdal (17.09.2020)

Innspel:

- 1) Statsforvaltaren meiner kommunen må vurdere om det er rett å bygge ut med ordinære fritidsbustadar. Vidare vert det lagt vekt på at utbygging i LNF området inneber å bygge ned areal som etter overordna plan ikkje skal byggast ned. Statsforvaltaren vil vurdere å fremje motsegn mot ei utbygging som går nærare sjøen enn kva som er avklara i overordna kommuneplan.
- 2) Syner til at ROS-analyse må inkludere kva effektar klimaendringar vil gje, og om planområdet er utsett for dette.

Kommentar:

- 1) Syner til kommentar av SVV sitt innspel.
- 2) Innspel er teke til følgje.

9.1.4 Møre og Romsdal fylkeskommune (18.09.2020)

Innspel:

- 1) Fylkeskommunen rår til at området som ikkje er omfatta av E40 i kommunen sin arealdel vert teke

ut av planen.

- 2) Peika på at planområdet ser ut til å ligge mellom nokre steingardar. Der er også to SEFRAK registrerte bygningar. Rår til at steingardane vert liggande som eit karaktertrekk og bevart for framtida.
- 3) Fylkeskommunen stiller krav om arkeologisk registrering då det vert vurdert at planområdet har potensiale for automatisk freda kulturminne. Det vert også peika på at ved arbeid i vatn kan ein kome borti automatisk freda kulturminne, og minner om arbeidsstans og meldeplikt knytt til desse.

Kommentar:

- 1) Syner til kommentar av SVV sitt innspel.
- 2) Steingardane ligg som ei naturleg avgrensing av planområdet mot aust og vest. Desse er sikra med byggjegranser. Vidare er der avmerkt 2 SEFRAK-registrerte bygg innanfor planområdet. Ingen av desse står i dag. Murane til stovehuset står igjen, men er i følge fagrapporten frå dei arkeologiske registreringane «ein overgrodd ruin ved sida av ein gammal einebustad som står til nedfalls.» Ein har gjennom planframlegget lagt opp til at eksisterande våningshus skal takast vare på som fritidsbustad.
- 3) Arkeologisk registreringar er utført og der er gjort funn av steinalderbusetnad. Funn og sikringssone er innarbeidd i plankart og føresegnar i samråd med kulturavdelinga til Møre og Romsdal fylkeskommune.

10 AVSLUTTANDE KOMMENTAR

Etablering av fritidsbustadar, både frittliggande og konsentrerte, vil gjere eit attraktivt område tilgjengeleg for både eigarar av fritidsbustadar og andre i området. Det vert lagt vekt på at fritidsbustadar kan vere ein viktig del av reiselivskonsumet i ei kommune. Vidare vil ein kunne sjå positive ringverknadar med auka bruk av butikkar og tenester i kommunesenteret Fiskå og på Åheim, samt sysselsetting i bygge og anleggsbransjen i fleire år grunna etablering av fritidsbustadar.

Tiltakshavar og plankonsulent ser fram til politisk handsaming og vonleg godkjenning av ein plan som legg til rette for auka satsing på fritidsbustadar i Vanylven kommune.